

Øystein Alme
Almestranda 335
6063 HJØRUNGAVÅG

Almestranda, 20.01.22

Hareid kommune
Rådhusplassen 5
6060 HAREID

Uttale i samband med Konsekvensutredning, Interkommunal kystsoneplan for Ytre Søre Sunnmøre

LAUPSVIKA

Underteikna har følgande kommentarar til saka:

Som innleiande kommentar vil eg seie at det vert opplevd som lite «betryggande» at det ikkje har vore kontakt mellom dei som har utarbeidd dette dokumentet og personar med lokal tilhøyring. Eg har forstått det slik at det vil verte arrangert eit folkemøte i Hareid, med dette som tema, ein gong ut i februar. Gjennom tidlegare erfaring med Hareid kommune og utarbeiding av reguleringsplanar, kan det sjå ut som at er noko først kome inn i planen, så er det ikkje lett å endre.

Ved ønskje om endring, krev det ein stor innsats for å få til. Eg synest difor at folkemøtet burde vore arrangert før høyringsfristen var ute.

Planstatus:

Fortøyingssarealet for eventuell akvakultur bandlegg eit stort areal. Det er lite ønskeleg då dette kjem i konflikt med fiskeinteresser og friluftsinnteresser i området.

Ferdsel og farlei:

Fortøyingane for eventuell akvakultur vil hindre farleia langs med land, dette er leia dei lokale vil nytte til fiskeinteresser og friluftsinnteresser i området.

Fiskeri:

Seinast inneverande haust kunne vi telje store mengder krabbe- og hummarteiner i det aktuelle området. Indre Kystvakt kan heilt sikkert stadfeste at dette er eit svært populært område for denne type fiske. Området er også ei kjent linefiskeområde på hobbybasis. Slik det omsøkte området er teikna inn på kartet vil store deler av dette populære området bli bandlagt og ikkje tilgjengeleg for allmennheita.

Vi er spørjande til kva konsekvens det får for den lokale fiskebestanden i fjorden, dersom det vert lagt til rette for akvakulturanlegg. Med erfaring frå tidlegare oppdrettsanlegg plassert langs Almestranda (Haggardsneset og Teineberget), vart både torsk, sei, lyr og anna fisk sterkt prega av foringa ved anlegget. Lokalbefolkninga brukte omtrent ikkje sjøen den tida anlegget på Haggardsneset var i drift og vi merka stor kvalitetsheving av fisken då drifta vart avslutta. Den store hummarbestanden i området vil truleg også få foringa kvalitet.

Akvakultur:

Eit tidlegare akvakulturanlegg var lokalisert ved Teineberget, litt nord for det no omsøkte området. Dette anlegget vart liggande til forfall etter avslutta bruk og forflåten forliste under uveret Dagmar, noko som førte til diesellekkasje og luftforureining /diesellukt over heile Almestranda. Det er ukjent om det per dato er rydda opp etter dette «forliset», truleg ligg flåten der enno. Dette gir eit dårleg signal med tanke på ansvaret eigar den gongen tok, ikkje minst med tanke på det store fokuset vi i dag har på forureining generelt, og forureining i havet spesielt.

Friluftsliv og landskap :

Rett nord for Laupsvika er det ein fin badeplass, som sommarstid vert nytta av bebuarane på Almestranda til bading, grilling og rekreasjon, truleg vert plassen også nytta av folk frå Eiksund. Hareid kommune godkjende 09.12.21 reguleringsplanen for eit nytt stort hyttefelt på Alme, der fleire av hyttene vert plasserte ved sjøkanten med tilhøyrande båtplass.

Ein av dei finast plassane på Alme, for ein båttur, er nettopp badeplassen ved Laupen.


Har ein sagt ja til reguleringsplanen, bør det vere sjølv sagt at ein også seier ja til å ta vare på dei flotte friluftsområda som ligg i nærområdet. Denne staden vert øydelagt som friluftsområde dersom det vert lagt til rette for akvakulturanlegg.

Badeplassen ved Laupsvika




Naturmangfold :

Informasjonen om at Miljødirektoratet har laga eit nytt digitalt kart som syner kva verneområde det er forbode å ferdast i, medan fuglen hekkar og der den skal få hekke i fred, kan eg ikkje sjå nokon informasjon om i konsekvensutgreiinga for området ved Laupen. Området omfattar heile Alstranda naturreservat, sjå utsnitt lenger nede i teksta. Det er ikkje vanskeleg å tenkje seg at den daglege støyen frå eit eventuelt akvakulturanlegg er lite ønska i dette området.



Naturbase kart: Verneområde, Ferdselforbod/ Alstranda Naturreservat



Miljødirektoratets nye, digitale kart gjør det enkelt å se hvor det er ferdselsforbud mens fuglene hekker.

Publisert 29.03.2021



Krykkja er en av sjøfuglene som er sterkt truet, og trenger ro i hekketida. | Foto: Kim Abel/Naturarkivet

Straumforhold og vassmiljø :

Straum og særlig vindforholda ved Laupen er utfordrande om de får lokale folk i tale.

Beredsskap og ulukkesrisiko :

På nordsida av Laupen er einaste plassen på Almestranda det går ras i sjøen kvar einaste vinter. Her er det ikkje nok å sjå på tilgjengeleg kartinformasjon, ein må ta kontakt med lokale bebuerar for å forhøyre seg om slik informasjon.

Underteikna meiner, ut frå punkta over, at det ikkje vil vere rett å sette av dette området ved Laupen til framtidig akvakulturaktivitet.

Skulle det vere ønskeleg med eit skriv med underskrift frå husstandane på Almestranda, hyttefeltet i Engeskardet og det nye hyttefeltet på Stor-Alme (Norwegian Fjords Holidays) kan undertegna framskaffe det.

Mvh

Øystein Alme

